



Det er laurdag ettermiddag og det betyr at tårnagentane er på plass i kyrkja og klare til innsats. Det landsomfattande prosjektet for 8-åringar (og også for 9-åringar her) har nådd fram til Uskedalen. Soknerådet og sundagsskulen (eller rettare laurdagsskulen) står for organiseringa.



Opninga var prega av song som Nelly Kjærland og Camilla Myklebust leia.



Så vart bibelsoga gjort levande for agentane, som var aktivt med frå første stund. Og så vart flokken delt opp og førebudd på det spennande som skal skje utover ettermiddagen. Men først åt dei graut på bedehuset1 Øverst er agentane klare på kyrkjetrappa. På eit anna bileta blir bibelsoga gjort levande og på eit tredje syng

agentflokken, leiarar og foreldrar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)